



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for Februar 2019.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang  
54



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Vegard Gjerde  
Visepres: Bjørn Teigene  
Sekretær: Knut Strømsjordet  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Sverre Jarl Ulstein  
Styremedlem: Oskar Grimstad  
Ansv.red.: Åge Nytun  
Referent: Åge Nytun

---

## *Snøstorm*

Tungt dúnar det ute og bryt og brakar  
og myrknar med Tjukkne og Kave.  
Det gyv yvi Heidar, og Isar knakar,  
og Tordýn rullar fraa Have.  
Dei løyste Magtir um Jord seg trengjer,  
og Stormen velter, og Frosten sprengjer,

og Leid og Led  
vil drive ned,

og alle Vegar seg stengjer.

Og Vargane gøyr i dei høge Urdir  
Med Blodskùm um blaande Tenner;  
og Nøkken i Os under Isen lurar;  
fraa Grendine Naalugt han kjenner.  
Og Havdraug bleik gjennom Røke luvar  
og skrik i Stormen og hæ'r og huar

og lær so kaldt;  
no fær han alt!

Med Lik seg Marstrandi bruar.

Og Himil og Heid og dei graae Knausar  
gjeng saman i Gøv og i Skodde.  
Det ramlar i Berg og i høge Hausar;  
det kokar um Baae og Odde.  
Dei løyste Magtir vil Verdi øyde  
og allting rive og allting snøyde;

og alt som kryr  
seg saman tyr:

skal Live slokne og døye?

Ho ligg og vimrar og ilt seg bær  
og stirer mot graae Rute;  
det er dei fæle Risar ho ser,  
som tumlar i Skodda ute.  
Ho skjelv paa si Sengjepute.

*Narne Garborg*

---

## Referat frå Rotarymøte 4. februar 2019.

Dette møtet var eit fellesmøte med Hareid Næringsforum og lagt til Melshorn Hotel og var ope for alle. Tema for møtet var "Møre Ocean Lab" og føredragshaldar var professon Hans Petter Hildre ved NTNU i Ålesund.

Det var svært godt frammøte og ein måtte inn med ekstra stolar. Linda Haddal v/hotellet sørnga for kaffe og gode wienerbrød.

Dei som møtte hadde nok forventningar til kva etablering av eit fullskala forsøkslaboratorium i Storfjorden ville ha å bety for det lokale næringslivet.

No snakka ikkje Hildre så mykje om kva ringvirkningar Møre Ocean Lab kan få for Hareid, men meir i det globale perspektiv og kva havet ville ha å seie i åra som kjem.

Det burde egentleg heite havkloda og ikkje jorkloda, for 70% av overflata består av hav og 80% av dette igjen er djupne på over 3000 meter, og det vert sagt at 90% av havet ikkje er utforska enno.

Verda står overfor store utfordringar både når det gjeld å skaffe nok mat og nok energi, sa professoren, og havet vil i framtida løyse mykje av denne utfordringa, så moglegheitene ligg i havromet. På 1950 talet og utover var det ein revolusjon innan landbruket for å auke produksjonen, særleg då i såkalla u-land. No står vi overfor den blå revolusjonen, hevda Hildre. Han synte til at berre litt over 2% av maten vi et kjem frå havet. Men 60% av biomassen på jorda finn vi i havet. Og så høyrer vi om desse kyrne om korleis dei fis og herjar. Fisk gir frå seg berre ein brøkdel av Co- avtrykket som vi finn innan kjøtproduksjonen. Det er først når vi fraktar fisken til Kina for vidare foredling at miljøeffekten vert oppeten.

Havet er også ei kjelde til fornybar energi. Bølger, straumar og vind, alt dette kan gjerast om til energi. Det er i dag ei stor satsing i Europa på havvind. Å utnytte havet som transportåre er også mykje meir miljøvennleg enn å transportere ting over land, for ikkje å snakke om fly. Hildre synte også til at rundt to tredelar av dei norske eksportinntekene kjem frå havrommet. Også næringsstrukturen her i landet er bygd opp rundt kysten.

Møre Ocean Lab er ein del av Fjordlab, ein av i alt åtte planlagde labar som er knytt til den store satsinga Ocean Space Center med base i Trondheim. Fjordlab vil etablere seg ved Storfjorden på Sunnmøre, i tillegg til indre deler av Trondheimsfjorden og ved Hitra og Frøya i Trøndelag.

Området ved Storfjorden er heit ideelt som testområde. Det er korte avstandar mellom dei lune fjorarmene og ut til havdjup på 700 meter. Området er godkjent som testområde for autonome skip, det er allereie eit felt for uttesting av trål i området, og det same gjeld utvikling av haverergi, så her er mulegheitene mange, det er nesten berre fantasien som set grenser.

Om Møre Ocean Lab kan verte god business for Hareid, ville ikkje Hildre sei noko om, men han lurte på om kommunen hadde ei stor kai.



Oscar Grimstad kunne opplyse om at vi hadde kai og var positive til all aktivitet som kunne tilførsast Hareid. Hildre takka for dette og ville vidareformidle dette til Trondheim. Men det vil ta tid før dette kjem i gang, då midlande til dette prosjektet ikkje kjem før i 2022 sa Hildre til slutt.

## Referat frå Rotarymøte 11. februar 2019.

Presidenten ønskte velkomen til møte, spesielt Willy Nasset og John Breivik. Seremonimeister Johan Ole Brandal, fekk så ordet i samband med tildeling av Paul Harris til Willy Nasset. Johan Ole orienterte først om kva Rotary står for og kva som ligg i tildelinga av Paul Harris. Han snakka så om kva Willy Nasset har utført i livet som gjer han fortjent til Paul Harris. Willy vaks opp i Snipsøyrdalen og gjekk sine første skuleår på gamle Snipsøyrdalen skule. Johan Ole fortalde vidare om skulane Willy hadde gått og alle dei ulike arbeidsplassane han hadde vore på fram til han i 1997 starta si eiga bedrift. Han har vore lokalpolitikar, både varaordførar og ordførar for Hareid. Han har lagt ned eit stort arbeid for Ishavsmuseet i Brandal. Han kjøpte ishavsskuta Polarstar og sende henne til Stetin i Polen for full rehabilitering, og ho kom tilbake til Brandal i 2017 med stor feiring av tilbakekomsten. Han har vore aktiv i Hareid Idrettslag, både som fotballspelar og i styret, og han har vore styreleiar i Hareidstemna, og han fekk Hareid kommune sin kulturpris i 2013. Presidenten sette så nåla på jakkeslaget til Willy og overleverte dipom som bevis på tildelinga. Willy takka så for utmerkinga som han sette stor pris på.



Dagens program var ved Karl Johan Bakken og John Breivik. Og tema var Vekst i Hareid. Karl Johan innleia og orienterte om ideen og tankane bak ”vekst i Hareid” og kva som er dei prioriterte og viktigaste oppgåvene som dei no jobbar med. Han er leiar for styringsgruppa og orienterte om deira oppgåve inn i prosjektet.

John Breivik fekk så ordet. Han er tilsett som dagleg leiar og vil ha det løpende ansvaret for å få ting til å skje når det gjeld vekst i Hareid. Han har hatt møte med bedriftene på Hareid og blitt orientert om og kjent med næringslivet på Hareid. Han såg til Stordal og kva dei har hatt fokus på der. Forprosjektarbeidet vil dei prøve å få i gang første halvår i år.

Målet er å skape 200 nye arbeidsplassar i Hareid. I dag er det 1917 personer i arbeid i Hareid, knapt halvparten har sin arbeidsplass på Hareid. Basisen for vekst vil vere eksisterande bedrifter og deira behov framover. Men eit viktig satsingsområde for ny aktivitet framover vil vere havromet, havbruk og reiseliv. Viktige suksesskriterier vil m.a. vere godt samarbeidsklima mellom alle partar i kommunen. Han vil gjerne bli kontakta av folk som har idear og prosjekt som bør prioriterast, alle forslag vert tekne imot med takk.

## **Referat frå Rotarymøte 18. februar 2019.**

Presidenten ønskte velkomen til nytt møte og til åpning song vi ”Vi vandrer med freidig mot”

Dagens program var egoforedrag ved Per Johan Rise.

Han vart fødd i 1955 og vaks opp på nedre Rise i Hareidsdalen. Per Johan tilbrakte mykje av oppveksten på trevarefabrikken til onkelen, der Rise Bygg held til i dag. Der var det både ”barnehage, leikeplass og innendørs fotballsparking” Barne- og ungdomstida var prega av mykje lek og moro, dei hadde fotballbane i Holane(Hovden) der golfbana no ligg. Seinare vart det fotball i alle aldersgrupper og til slutt på A-laget til Hareid.

Han var tidleg med på montering av kjøkken for onkel Johannes, deretter var det realskule og så snekkarlære hos Bolstad på Bigset med oppsetting av hus.

Etter avtent verneplikt var han innom forskjellige jobbar før han i 1977 starta hos Utgård på Hareid. Der var han i 7 år. Etter det jobba han med salg av hus ei periode, m.a. for Hareid Trelast. Etter det jobba han 1 år for Sandvik i Ørsta med sal av møblar.

I 1990 kjøpte han to agentur som han slo saman og dreiv dei fram til han vart pensjonist for eit par år sidan, Arbeidet han har hatt gjennom livet har medført svært mykje reiseverksemd, som har skaffa han mange gode bekjenskap i det ganske land, men samtidig mista han ein del av den lokale tilknytninga. All denne reiseverksemda medførte også at han forliste eit ekteskap. Han kom også innom born og borneborn som har gitt han mykje glede i livet.

I 1976 fekk han påvist kreft, han forstod straks kva det var som var gale. Han har vore gjennom mange operasjonar og langvarig cellegift og strålebehandling, både på lokale sjukehus og på Radiumhospitalet i Oslo. Behandlingane har vore svært tøffe for kroppen og han er varig merkt av den tøffe behandlinga som han slit med ettervirkningar av kvar dag.

Sjukdomen har i stor grad prega livet hans etter at den vart påvist.

## **Referat frå Rotarymøte 25. februar 2019.**

Presidenten ønskte velkomen til nytt møte, spesielt Erna Berg og gjestane frå Ulstein Rotaryklubb som var inviterte til møtet. Til opning song vi ”No livnar det i lundar”

Dette var siste møte i månaden og skulle i utgangspunktet vere programfritt, men det var lagt inn eit program om Mamma Klara prosjektet i Peru, som Erna Berg driv og som vi i lag med andre rotaryklubbar i distriktet er med på å støtte økonomisk. Erna og Karin fekk så ordet og fortalde om ein tur til barneheimen dei hadde siste haust i lag ned president Vegard, Torill Isaksen og Martine Holstad.

Erna og Karin fekk så ordet og fortalde om ein tur til barneheimen dei hadde siste haust i lag ned president Vegard, Torill Isaksen og Martine Holstad.

Erna orienterte først om Mamma Klara og barneheimen i fjellandsbyen Ernita i Peru.

Besøket sist haust var det 14. i rekka, og kvar gong har ho med seg varme klede og andre nødvendige ting desse jentene i barneheimen har behov for. Ho har fått mykje gode klede frå Devold og frå Sport 1-butikkane. I tillegg har ho med seg eigne og innsamla midlar som ho brukar til å kjøpe inn alt mulig som barneheimen sårt treng for ei lengere periode. Denne handleturen tar gjerne fleire dagar.

Det er ikkje nødvendigvis foreldreause born som bor på barneheimen, men born som er mishandla, vanskjøtta, eller er forlatte.

Karin fortalde så om turen dei hadde sist haust med alle dei utfordringane den innebar.

Ei lang og strabasiøs reise med mange forsinkelsar, kansellerte fly, overbooka fly og innstillingar, og som førte til at nokre først kom dagen etter dei andre.

Karin orientere om at 7-8 rotaryklubbar er i lag om innsamling av midlar for å skaffe barneheimen nytt kjøkken. Kjøkkenet er no fullført og var svært fint og praktisk, og er til stor nytte for dei som bur og jobbar der.

Den lokale rotaryklubben i Arequipa var svært takksame for det som blir gjort for borna og barneheimen.

Dei var også svært gjestfrie og inviterte gjestane til medlemsmøte sitt og viste dei rundt i området.

Dei fekk også audiens hos erkebiskopen i Arequipa, og vart svært godt mottekne der.

Vegard ville vite kven det var som eigde barnehagen, om det var den katolske kyrkja. Han fekk då til svar at økonomisk var ikkje barnehagen knytt til den katolske kyrkja, knytningane var kun på det religiøse området.

Karin sa til slutt at det som no står att er oppussing og istandsetting av dusjar og toalettområdet. Det vert arbeidd med eit kostnadsoverslag på dette, så det vil vi få vite etter kvart. Og då vert spørsmålet om vi og dei andre klubbane vil vere med på dette prosjektet vidare, det er noko kvar av klubbane må ta stilling til.

Otto Kjetil Nytnun takka så på vegne av Ulstein Rotaryklubb for invitasjonen, og for nyttig og god informasjon om prosjektet i Peru, som dei er med på finansieringa av.